- Torben Kisby, «De engelske drengenavnes historie i Danmark», forelesing ved Engelsk institut, Universitetet i Odense, 27.3.1979.
- Einar Haugen, «The English Language as an Instrument of Modernization in Scandinavia», forelesing ved Universitetet i Uppsala, 8. juni 1977.
- Ola Stemshaug. «Språklig tradisjon i 1970-åra», *Syn og Segn* 84:3, 1978, 451—460.

Onkel Skrue
sto på hue
i ei diger maurtue
Mauer,n beit
onkel skreik!
Au! Au! Au!

Barnerim fra Bærum

Utpå Nordsjøen
på en planke
satt en fisker
og fisket mort
Men da morten
ikkje bet
snudde han seg og skrek:
Ship o hoy
o what a boy!

Barnerim fra Bergen

Begge barnerima er trykt i:
Helge Børseth, Ole, Dole Doff,
Universitetsforlaget, Oslo 1968

Hva skal vi drikke?

MELK eller MJØLK — SKUMMET MELK eller SKUMMA MJØLK

MJØLK I NORD-ØSTERDALEN

Høsten 1979 reiste nord-østerdøler målstrid om namnet på «kupjolteren» frå meieria — *mjøl*k eller *mel*k. I minst en generasjon har det bare vori *mel*k å få kjøpt i hele Hedmark, og ordskiftet kveste seg til i takt med vinterkulda mot slutten av året. Både distriktsradioen og hovedavisene i fylket gav plass til ordskifte om emnet, og kravet om *mjøl*k på kartongen vart gjort gyldig for hele fylket.

Midt i januar i år kom første seieren for dem som har talt folkemålas sak i denne sammenhengen. Meieristyra i Folldal og Alvdal kommuner gjorde da vedtak om å ta i bruk ordet *mjøl*k på sine kartonger. En vanske har det likevel vori at de ferdiglaga kartongene som meieria bruker, kombinerer ordet *mjøl*k bare med nynorsktekster på resten av kartongen, og meieristyra i disse Østerdals-kommunene vil derfor også prøve å få skifta ut *mel*k med *mjøl*k på bokmålskartongene.

Vi samnorskfolk må si oss glade for dette framsteget for folkemålsbruken i Nord-Østerdalen. Og vi slutter oss til oppmodinga fra *mjøl*k-talsfolka i Folldal og Alvdal om at meieri ellers i Østerdalen og Hedmark nå bør vise samme respekt for morsmåla på staden og gjøra liknende vedtak for namnet på sine drikkevarer.

gw.

Dette klippet fra avisa Telemarkingene 29. mai i fjor viser åssen telemarkingane løste melk/mjølkespørsmålet.

SKUMMAMJØLK-KARTONGANE FÅR NYNORSK TEKST

Resten på bokmål

I samband med vedtaket i Telemark Meieri om å bruka nynorsk tekst på skummamjølkkartongane og bokmålstekst på emballasjen til alle dei andre produkta, har me motteke ei pressemelding frå meieriet. Her heiter det mellom anna:

«Vi sendte en henvendelse til Norske Melkeprodusenters Landsforbund om å benytte begge målførene på samtlige melkekartonger for hele landet, men dette ble avslått p.g.a. at det i landet fins flere rene både nynorsk og bokmåls distrikt. Vi arbeider imidlertid videre med denne saken.

I styremøte 31.3. d.å. ble saken behandlet, og det ble fattet vedtak om å tappe skummet melk på kartonger med nynorsk tekst for hele meieriets område. Skummetmelk-salget utgjør ca. 14 pst. av meieriets konsummelksalg, og befolkningen i Bø—Lunde—området representerer ca. 10 pst. av våre konsumenter. Vi håper på denne måten å ha funnet frem til en akseptabel kompromissløsning.

Leveransen av skummet melk i nynorsktekstedte kartonger tar til i disse dager.»

**FRIDA
ANDREASSEN ETTF.**

SKEI — SURNADAL



Kolonial — Kortevarer — Manufaktur

Folkemålsvenn?

Meld deg inn

i

LSS!

DEBATT: Ein rein karikatur

Av K. E. Steffens

I Språklig Samling nr. 4/79 stend nokre redaksjonelle merknader til mitt «Svar til Geirr Wiggen» i Frisprog nr. 18/79. Kommentaren er usætande, ja ein rein karikatur av det som røyntleg hev gjenge for seg. Ikkje ein einaste konkret punkt vert nemnt og dryft, endå artikkelen min kryr av fakta og tilvisningar. Heller ikkje hev Wiggen teke til motmæle i Frisprog, noko som tyder på at det ikkje er so lett å finna veike punkt i framstillinga mi.

I dei redaksjonelle merknadene vert det mil-lom anna sagt at eg i eit brev til Norsk språkråd datert 6. april 1979 kom med «ugrunna sladder om Wiggens faglege arbeid reint allment». Det faktiske er at eg sa at ikkje berre eg fann svake sider ved den språksosiologien som Wiggen er ein ihuga talsmann for. Dette kunne eg i «Svar til Geirr Wiggen» grunngjeva ved tilvising til og sitat frå ei melding av boka «Språk og Samfunn». (Pax 1979) i form av ein utførleg dobbelkronikk i Bergens Tidende 12. og 13. juli i fjor. Kronikken var skriven av Helge Østbye og Harald Grimen, og dei peika millom anna på sviktande innsikt i psykologi og sosiologi hjå norske språksosiologar og nemnde og fåren for ei samanblanding av vitenskap og politiske standpunkt. I samband med dette kom eg med ein radikal kritikk av påstandet om ei omfattande språkleg undertrykking i vårt land og peika på absurde fylgjer av den lause omgangen med det kjensleladde uttrykket «språkleg undertrykking».

Eg tykkjer at Wiggen ved fleire høve hev kome med urimelege og ubalanserte utsegner om norsk språkstrid, og eg gav nokre dokumenterte døme på det. Ein mann som stemplar Fjeld Halvorsen som ein udemokratisk og uverdige representant i Norsk språkråd (då er vel eg og ymse andre det óg!) må tåla at dei som er usamde med honom til tider svarar skarpt. (Men eg gjorde det óg klart at eg fann sympatiske og rosverdige drag i Wiggens personlegdom og faglege produksjon).

Når det gjeld spursmålet om Norsk språkråd (les «styret i Norsk språkråd») «beskytter sprog-radikalismen» kan eg berre oppmoda interesserte om å finlesa framstillinga i Frisprog nr. 18/79.

En litt forsinka omtale av ei ÅRSMELDING

ÅRSMELDING FRÅ NORSK SPRÅKRÅD 1978

Eit lite hefte som blant anna opplyser om kven som er medlemmer av Språkrådet, av fagnemda og styret. Lov om og vedtekter for rådet er óg med. Meldinga gir eit kort oversyn over dei sakene rådet har arbeidd med førre året. LSS har arbeidd ei tid med å grava i problemet omkring radikale og moderate bokmålsut-gaver av lærebøker i norsk. Det kan difor vera av interesse å se kva meldinga seier om dette:

Radikale former i norsk-bøker på bokmål

Norsk språkråd har både i 1977 og 1978 fått spørsmål om det ikkje lenger blir gitt ut norsklærar med radikale bokmålsformer, og om Norsk språkråd kan gjere noko for å sikre at det finst eit slikt tilbod.

Også Kyrkje- og undervisningsdepartementet har vendt seg til oss og bedt om ei utgreiing om dette. Styret svara departementet i brev av 12.10.78 og skreiv m.a.:

«Det finst i dag ingen godkjende norsklærar som har parallellutgåver med radikale respektive moderate former (A- og B-utgåver). Vi har fått opplyst i dei største skolebokforlaga at det ikkje lenger blir ut-gitt slike parallellutgåver, og at forlaga heller ikkje har planar om det. Alle vi spurde, gav uttrykk for at det berre sjeldan har vore spørsmål etter bøker med radikale former.

Fagnemnda og styret i Norsk språkråd har drøfta denne saka på fleire møte. Vi meiner at det moderate og det radikale bokmålet er to likeverdige varianter av denne målforma, og at det derfor er grunn til å seie seg lei for at det ikkje finst norsklærar på den eine av desse variantane. Vi har óg drøfta om vi skulle setje i gang ei rundspørjing for å finne ut kor mange kommunar som har gjort ved-tak om at skolane skal bruke lærebøker med radikale respektive moderate former. Vi kom likevel til at Språkrådet ikkje skulle gjere noka slik under-søking no, sidan det ikkje kan endre det reint prin-sipielle synet vårt. Men dersom departementet ønskjer å gjere ei slik undersøking og vil ta oss med på råd om det, står vi sjølv sagt gjerne til teneste. Vi stør altså det prinsipielle synet som Vogtkomiteen har gitt uttrykk for i innstillinga si (s. 26: «Komiteen mener derfor at departementet må kunne kreve at ABC-er, grammatikker, oppgavebøker og øvingshef-ter på bokmål utsendes både med radikale og moderate former.»), og vi minner om at departementet har slutta seg til dette i St.meldinga nr. 15 (1968—69), s. 45.

I rundskriv F-372/71 frå departementet heiter det at «skolestyrene har høve til å legge spursmålet om valg av moderate og radikale former i lærebøkene fram for foreldrene (foreldrerådet) til uttalelse. De-partementet vil anbefale at skolestyrene innhenter slike uttalelser.» — Det må da vere ein føresetnad at ein har noko å velje mellom, og det må derfor finnnast norsklærar på begge hovudvariantane av bokmål.

Norsk språkråd har ikkje høve til å påverke formalet i dei lærebøkene vi har til granskning, utover det å kontrollere at formene ligg innanfor læreboknormalen, og å syte for konsekvens. Vi vil derfor be departementet vurdere tiltak som kan sikre at det blir utgitt norsklærer med radikale bokmålsformer jamsides med moderate.»

Styret i LSS arbeider fortsatt med saka og vil melde frå når det kjem noko nytt fram.

LSS har også arbeidd for å få ordlista til Dag Gundersen godkjent til bruk i skolen. (Dag Gundersen: *Norsk Ordbok*, Universitetsforlaget 1966.) Som vi ser av meldinga, er ikke språkrådet særlig begeistra verken for fellesspråklige norsklærebøker eller ordlister:

Fellesspråklege norsklærebøker og ordlister

Etter ei tilråding frå utvalet som skulle greie ut spørsmålet om fellesspråklege norsklærebøker og ordlister (jfr. årsmelding 1977, pkt. 3.3), vedtok rådsrådet 26.—27. januar:

«Norsk språkråd viser til det syn fleirtalet i utvalet har gitt uttrykk for, og kan ikkje sjå at denne typen bøker gir fordelar for undervisninga framfor dei meir tradisjonelle norskbøkene, som behandlar dei to målformene kvar for seg. Norsk språkråd vil derfor rå til at ein held fast ved prinsippet om å ha særskilde lærebøker for kvar målform også i den vidaregåande skolen.»

«Norsk språkråd viser til tilrådinga frå utvalet og er i tvil om ordlister/ordbøker av denne typen vil ha nokon pedagogisk verdi; truleg vil dei fleste elevane meine at det er heller vanskeleg å ta seg fram i ei slik liste. Men Norsk språkråd vil likevel ikkje stille seg heilt avvisande til prinsippet med fellesordlister når bøkene fyller dei krava ein må stille til bøker av denne typen. Måten den enkelte ordlista er utforma på, vil vere avgjerande for om ho kan godkjennast eller ikkje.»

Det skulle no vori interessant å fått veta kva som er argumenta imot slike bøker. Det er ikkje uvesentleg kva for ein måte vi beskriv norsk språk på. Skal det gå fram i slike bøker at norsk er mange talespråkvariantar og fleire skriftspråkvariantar, eller skal ein la norsk vera anten *nynorsk* eller *bokmål* som ikkje har noko særleg med einannan å gjera?

tg

Bruk folkemålsformer også når du følger offisiell rettskrivning f.eks.:

- pelle – pella – pella eller pelle – pelte – pelt
- seinke (sinke)
- selle – solte – solt
- meine
- gjømme
- glømme
- følgje – følgte – følgt

Alle disse formene er hovedformer

Kjøp jubileumsboka til LSS!

„SPRÅKLIG SAMLING PÅ FOLKEMÅLS GRUNN”

Red.: Lars Vikør og Geirr Wiggen

(Bestillingsslipp side 15)

SYSTEMTRUA

Av Øyvind Gulliksen

Mange av oss som har vokst opp i bygdesentra og i små industribyer på Austlandet har fått heile skriftspråkopplæringa vår på bokmål. Denne opplæringa i skriftspråk var ikkje alltid særlig talemålsnær. Ein kan beklage det og ønske seg ei anna ordning i framtida, men slik har det nå i alle fall blitt for ein god del av oss. Den som etter endt skolegang, havner i arbeid der skriving hører med til jobben, må ofte avfinne seg med at den institusjonen ho eller han arbeider i, kjører med eit konservativt bokmål. Skriftspråket på arbeidsplassen følger modellen fra skolen, og omvendt.

Sjøl om vi skulle få ei forandring her, er den skriftspråkopplæringa vi fekk likevel vanskelig å springe fra etter at skoleåra er forbi. Dei aller fleste fortsetter på bokmål av temmelig konservativt merke. Kanskje er det au ei vettlaus gjerning å prøve å snu dette. Men om arbeidet med folkemål skal vinne fram i skrift, fins det ingen annan utvei.

Det mangler ikkje på hindringer. Straks ein tar til å hauste goder fra både det eine og det andre skriftspråket i tråd med tale- og heime-mål, ja så er systemvokterane der med ein gang med klubbene sine. Det må ikkje gå surr i systema! Mellom desse systemvokterane finner vi ein god del norsklærere, til og med av det meir frisinna slaget. Dei ser det som si plikt å hjelpe oss så vi ikkje roter omkring i systema. Argumentet fra læreranes side er ikkje sjelden litterært. Det blir vist til den store litteraturen vi har på begge språka, og det sjøl om ingen av oss satsar på å nå slike høgder. Lærerane er kanskje dei som minst av alle trur at noen av oss skal nå så langt. Tvert imot blir van-kunna om åssen ein skal bruke skriftsystema ofte brukt fra lærerhold som eit prov på nivå-senking. Samstundes får læreren stadfest sin posisjon. Ho eller han er den som har oversyn over og som fører kontroll med systema. Det skjer ikkje alltid bevisst, men mange lar seg friste til det av den autoriteten som følger med lærerrolla. Når alt kommer til alt, er vel mange lærere au usikre på systemet. Hadde dei bare

vedgått det, eller prøvd å skaffe seg bedre over-sikt over radikale bokmålsformer og moderate nynorskformer, så hadde dei kanskje heller ikkje vært så systemdogmatiske. Men det er heller ikkje ganske liketil å skaffe seg ei slik oversikt.

Eit av krava er at vi skal være konsekvente i det vi skriver. Dette møter oss som ein over-ordna språkmoralsk regel. Men åssen skal vi til dømes på bokmål klare det, når den rette-snora vi har, heller ikkje er konsekvent? Vi kan skrive *eik*, *bleik*, *leite* og *veit*, men ikkje *meir*, *fleir* og *ein*. Vi kan ha hokjønnsformer av fleire ord, men ikkje skrive *lova* for *loven*. Vi har lenge hatt lov til å skrive *han* i staden for *ham*, men kan stadig vekk ikkje bruke *de* for *dem*. Det kan da vel ikkje være noen kata-strofe om folk på bokmål tok til å skrive både *de* og *dei* og *dom* og *døm* i staden for *dem*? Slik det nå er har vi eit lovverk som ikkje andre enn ekspertane kan finne ut av, og som verker heilt urimelig og tilfeldig på folk flest.

Til slutt blir desse reglane likevel finsila ned i sjela vår. Hvis ein får lyst til å bryte ut og ta inn fleire nynorske ord og endinger enn det som er lovlig, seier sjela fra om at det fører til inkonsekvens og stilbrudd. Og så lar vi heller være, sjøl om meininga med det vi skreiv ville være like klar for alle som leste det. Til og med i ei så personlig og folkelig form som brev-skriving tør vi ikkje sleppe oss laus på heime-målet!

Arbeidet med bøyningsskemaene i bokmålet er langt fra avslutta. Her må det fleire endringer til for at vi skal nå fram til eit godt, dialektfarga bokmål. I all den debatten vi har hatt i den seinare tida om einskilde ord og stavemåter, skal vi ikkje gløyme at det mangler mye for bøyningsskema for svært mange av oss som har lært å skrive bokmål, kan stø seg på tale-målsformer vi kjenner. Dersom vi skal kreve bedre samsvar mellom skriftform og heime-mål, så vil det til dømes au bety at vi på bokmål må kunne bruke partisippforma *skrivi* og fleir-tallsforma *båtane*. Mange bokmålsfolk har desse

i talemålet sitt, men nynorsk har einerett på dei. Folk må få lov til å bryte det konservative skriftspråket. Der ein er i tvil, bør ein få lov til å bruke talemålet sitt, framfor å slå opp i bokmålsgrammatikk og ordliste.

I det siste har det kommi fram mange ønske om at folk skal skrive eit klarare språk. Ein av språkvettreglane som professor Vinje har lansert, går ut på at ein skal lesa høgt for seg sjølv det ein har skrivi, for å høre om det låter godt. Det er ikkje dumt. Regelen er til for å skape ein enkel og grei skrivesyntaks. Men om vi heilt ut skal følge denne regelen om å kontrollere det vi har skrivi med høgtlesing, så må vi som er trenna opp til å bruke bokmål, få løyve til å forandre fleire bøyingsformer som ikkje låter godt for oss, og som verker direkte kunstige. Når vi kan endre på slikt, kan vi meir få ei kjensle av at det vi skriver blir vårt, liksom det vi seier.

Vi har ein god del å vinne om vi gir slepp på ei systemtru som binder oss for sterkt til eit konservativt bokmål eller til altfor faste skriftspråktradisjoner i det heile tatt.

DRANGEDAL ØNSKER RADIKALE FORMER

Ved Solberg skole i Drangedal (som er den største skolen i bygda), er det reist en aksjon for å få tilbake lærebøker med radikalt bokmål. Norskseksjonen ved ungdomsskolen og lærerrådet ved barneskolen har tatt spørsmålet opp og i et brev til skolestyret het det bl.a. at bygdedialekten er å finne et sted mellom bokmål og nynorsk. «Mot denne bakgrunn,» heter det, «finner norskseksjonen ved ungdomsskolen det betenkelig at en er henvist til å nytte bokmålsverk med en konservativ språkform.»

Skolesjefen sa seg enig i dette.

Han la fram denne innstillinga for skolestyret: «Drangedal skulestyre vil så sterkt som mogeleg oppmoda Kyrkje- og Undervisningsdepartementet om å syte for at det igjen blir høve til å velje mellom moderate og radikale former når det gjeld skriftleg opplæring i norsk på bokmål.»

T. R.

FRÅSEGN OM STODA FOR DIALEKTANE I SKULEN

I tida 2.—5. april 1979 vart det halde eit symposium på Lysebu ved Oslo om emnet «Dialekt og riksspråk i skulen». Symposiet vart arrangert av Nordisk Ministerråd, Sekretariatet for nordisk kulturelt samarbeid. Symposiet hadde ca. 20 deltakarar, som kom frå alle dei nordiske landa (med unntak av Island, av di representanten derifrå vart hindra i å møte), og dei har representert sakkunnskap i lingvistikk, dialektologi, sosialpsykologi og pedagogikk. Symposiet har prøvd å slå fast

- utbreiinga av dialektalt talespråk — i ymse nyansar — og på ulik fråstand frå dei respektive riksspråka,
- dei vanskane og handikappa som dialekttalende barn ofte har i offisielt riksspråkstalende samfunn — og vidare
- dei metodane som til no har vore brukte for å møte desse problema i skulearbeidet.

Symposiet har konstatert

- at det er store skilnader på dette området mellom dei nordiske landa — både språkleg og pedagogisk — og også mellom ymse distrikt i eitt og same land — og dessutan
- at spørsmålet om stoda åt dialektane i skulen hittil ikkje har vorte fullnøyande drøfta i lys av moderne lingvistikk, dialektologi, sosialpsykologi og pedagogikk.

På grunnlag av dei røynslene som er gjorde, ynskjer symposiet å rå til at skulen følgjer desse prinsippa i høve til dialektane:

- Skulen bør vise omsyn og vørnad for det eigenlege morsmålet åt barna — dei mange sosiale og regionale språkvariantar — og
- skulen bør så vidt som mogeleg og særskilt i morsmålsundervisninga byggje på det eigenlege morsmålet åt barna og på den skapargleda og produktiviteten som barna der kan utvikle.

Symposiet vil til slutt peike på at nordisk forskning innanfor lingvistikk (særskilt dialektologi) og innanfor psykologi og pedagogikk i større mon enn til no bør engasjere seg i arbeid på dette område. For å oppnå konkrete resultat er det dessutan viktig at det blir sett i gang lokale arbeidsgrupper, seminar og vidareutdanningskurs for å drøfte problem som gjeld tilhøvet mellom dialekt og riksspråk i dei nordiske skulane.

NRK — eit språkpolitisk

Forts. fra side 1.

jeg vel ikke komme innafor NRK. Jeg har derfor sendt tvisten til Språkrådet og bedt dem vurdere den, og der står saken.

Nå spør man kanskje: Men har ikke NRK språklige retningslinjer? Jo visst har de så, og der står det kort og greit at offisiell rettskriving skal brukes. Det er da heller ikke noe annet jeg vil, også om en innskrenker det til læreboknormalen. Men sjøl innafor den er det som kjent ikke liten valgfrihet. Hvem er det så som skal velge? Individet — den enkelte medarbeideren, eller kollektivet — institusjonen, Dagsrevyen eller NRK som helhet? Dette er, som alle vil forstå, et viktig språkpolitisk spørsmål, som tydeligvis er helt i det uvisse. Derfor er det på tide at Språkrådet som vårt øverste språkpolitiske organ tar det opp til behandling, slik at valplassen ikke skal overlates til autoritære avdelingssjefer eller nidkjære pressgrupper.

Dagsrevylederen, støttet av TV-ledelsen, mener tydeligvis at Dagsrevyen er i samme stilling som en privat avis-redaksjon og kan fastsette sin egen språknorm, rett nok innafor den ramma som den offisielle språknorma fastsetter. I brevet fra Hjelle/Nes heter det således at «Dagsrevyens språkform må i en viss utstrekning bestemmes ut fra en redaksjonell språkpolitisk vurdering». Men hvilket mandat har Dagsrevy-redaksjonen til å foreta en slik vurdering? Etter mitt skjønn kan NRK som offentlig institusjon ikke drive noen egen, selvstendig språknormering, verken sentralt eller i de enkelte avdelingene. NRK er nemlig i motsetning til en privat avisredaksjon bundet av den offisielle rettskrivinga, og offisielt må jo alle tillatte former, iallfall alle lærebokformer, være like gode og fullt brukbare i statstjenesten. Viss de radikale formene skal være bannlyst i NRK, når er det da meninga de skal brukes? Jeg mener derfor at valget av former innafor offisiell språknorm/læreboknormalen i statstjenesten må være opp til den enkelte medarbeideren. Viss flere medarbeidere skulle bli enige om å velge på en viss måte, er det vel og bra, men kan ikke være bindende for dem som ikke vil være med på leken.

Dagsrevyen har altså «vedtatt» å bruke en «moderat» norm. Hvordan dette «vedtaket» er kommet i stand, aner jeg ikke. Jeg er i allfall ikke blitt spurt, enda jeg har vært fast tekster der i over 10 år. Hjelle bruker to argumenter for en slik norm. Det ene er at NRK ikke kan «se bort fra seernes vaner og reaksjoner». Jo, det må NRK trygt kunne gjøre, så lenge de holder seg til gjeldende språknorm og kan hen-vise eventuelle «språkinteresserte» klagere til deres lille ordliste. Tankegangen er at vi må

for all del ikke irritere seerne, for da blir de så ute av seg og opptatte med å ringe og klage at de ikke får fulgt med i Dagsrevyens sensasjoner. De blir så opptatt av teksten at de glemmer budskapet. Nå er det for det første ikke så liketil å tolke seernes følelser og forutse deres reaksjoner som Dagsrevylederen synes å tro. Det fins da folk som foretrekker de radikale formene og (men de klager dessverre for lite!). Men sjøl om det skulle være mange som ikke tåler å se former som *åssen* på skjermen, så er det etter min mening en følelse som ikke NRK er forplikta til å ta hensyn til, verken juridisk eller moralsk. I motsatt fall måtte NRK ha slutta med nynorsk-sendinger for lenge sia!

Det andre argumentet er at språket i NRK eller iallfall i Dagsrevyen må være enhetlig, og særlig må det være samsvar mellom det skriftlige og muntlige innslaget i sendinga. Så når oppleseren sier *selv*, må teksteren vær så god følge med på ferden (hvorfor ikke omvendt?). Her må en vel innrømme at Hjelle har funnet et poeng. Men særlig stort syns jeg ikke det er. Etter mitt skjønn er det ikke noe stort stilistisk/estetisk problem (og enda mindre et praktisk, funksjonelt problem) at språket i Dagsrevyen eller NRK generelt varierer. Det er nemlig en situasjon som ikke er spesielt for NRK og som folk derfor er godt vant til. Det er også en situasjon som vi med våre språkforhold må leve med, og som det ikke en gang er særlig grunn til å beklage, etter min mening. Det er også et stort spørsmål om vi skal la slike praktiske spørsmål få styre språkpolitikken, og i alle fall er en *konserverativ* norm.

Dette var noen tanker om NRK og språknormering, og dessuten et lite innblikk i hva som foregår bak kulissene i NRK, språkpolitisk sett. Men skal NRK drive språkpolitikk, bør det ikke skje bak kulissene og i form av pressgruppevirksomhet. I mitt brev til Norsk Språkråd har jeg derfor bedt Rådet om at de, viss de kommer til at NRK's vurdering av dette spørsmålet er den rette, sørger for at NRK's språknormering blir formalisert og kommer inn i de språklige retningslinjene for NRK. Da bør det bl.a. bestemmes hvordan og av hvem utvalget av «NRK-former» skal foretas — sentralt eller lokalt, og ved «sjefsavgjørelse» eller på demokratisk vis (har i så fall teksterne stemmerett?). Som en ser, ligger det her mange delikate stridsspørsmål og venter, så det kan nok hende at Språkrådet i så fall får arbeid ei stund. Men viss en godtar at NRK har anledning til å drive språkpolitikk, kommer en ikke utenom disse spørsmåla. En eventuell selvstendig språkpolitikk i NRK er en alt for viktig sak til å overlates til tilfeldigheter, dvs. avdelingssjefer og pressgrupper.

BY OG LAND HAND I HAND

Det er fint om vi kunne få en debatt i gang om språkpolitikken i NRK. Kom med synspunkter og røynsler!

Frist for innlegg til neste nummer:

1. MAI

MELD DEG INN I LSS!

Kryss av og send slippen til Landslaget for Språklig Samling, Postboks 636, Sentrum Oslo 1.

- Ønsker å bli medlem av LSS
- Ønsker opplysninger om LSS
- Ønsker å abonnere på bladet Språklig Samling.

Navn:

Adresse:

HUSK bladpengar medlemspengar for 1980

Nå er det tida for bladpengar og medlemspen-
gar.

Medlemspengar (inkl. blad): 40 kr.

30 kr. for stud., skoleelev., pensjonistar.

Bladpengar: 30 kr.

Det trengs sjølvstekt pengar til å drive arbeidet i laget og bladet, så ver snar til å betale.

(Gåver takast imot med takk.)

Det ligg postgiroblankett inne i bladet.

Kjøp jubileumsboka til LSS:

„Språklig Samling på folkemåls grunn“

Jubileumsboka er nå kommet ut, og vi ber medlemmene kjøpe boka direkte frå organisasjonen — da får LSS meir pengar i kassa, og det treng vi. Boka er ein antologi over artiklar som har stått i bladet gjennom dei tjue år-gangane som nå er fullført, og speglar verksemda i LSS både språkpolitisk og faglig. Boka er redigert av Lars Vikør og Geirr Wiggen. Ho er gitt ut på Novus forlag a/s og kostar kr 75,—.

Send meg eks. av boka *Språklig samling på folkemåls grunn*

Namn:

Adresse:

Send slippen til LSS, postboks 636, Sentrum Oslo 1.

SPRÅKLIG SAMLING

Abonnement 30 kroner året
Skriftstyrarar: Ernst Håkon Jahr, Gabbrovn. 11,
9022 Krokeldalen. Tlf.: (083) 30 483
Torun Gulliksen, Bergvn. 21, Breisås, 3800 Bø.
i Telemark. Tlf. (036) 60 691
Returadr.: Postboks 636, Sentrum, Oslo 1

INNHold :

NRK — et språkpolitisk organ?	s. 1
Språkrådsoversikt	s. 2
Ned i self-servicen å shoppe	s. 4
Kva skal vi drikke?	s. 9
Debattstoff	s. 10
Systemtrua	s. 12
Drangedal ønsker	s. 13
Dialektane i skulen	s. 13

**HUSK BLADPENGAR
FOR 1980!**

**HUSK MEDLEMSPENGAR
FOR 1980!**

Postgiroblankett inne i bladet